

LAGSPØSTEN



Meldingsblad for Norsk Målungdom Nr . 3 / 2000

Bladet går til tillitsvalde og kontaktpersonar i organisasjonen og til alle einskildmedlemer som bed om å få det.



**Tilskipingar
hausten 2000**

August

Det vert semester- og skulestartaksjonar over heile landet.

September


22.-24.
Sidemålskurs.

Oktober

28. - 29.
Studentmållet i Oslo
har studentkonferanse.

November

3.-5.
Skulemålskonferanse
i Oslo.



Aksjon for nynorske
dataprogram s.2

Vervekampanjen s.3 Sidemål s.4

Aksjon for nynorsk programvare

13. mai samla me oss til nynorskdata-aksjonar over heile landet. Me var «overalt».

I Volda var det høgorsk-dagar, og dei som var på samlinga tok seg fri nokre timar på dagen for å aksjonera. Parallelt med aksjonane i Volda, var det aksjonar i Balestrand, Oslo, Trondheim, Bryne og i Bergen.

I Oslo gjekk aksjonistane med plakatar på mage og rygg der det stod; «Eg er nynorsk programvare - Eg finst ikkje». Kan henda eit tips til andre som vil gjera noko artig og markera seg litt?

På Torgallmenningen i Bergen samla det seg aktivistar frå Arna målungdom, Osterøy målungdom, Målstrilane, Bergen målungdom og MU Allær Redd. Dei «tok det heilt ut». Alle som skreiv under på underskriftslistene fekk høve til å «slå eit slag for nynorsken». Aksjonistane hadde samla inn fleire gamle datamaskinar som folk fekk gå berserk på og slå i hel (sjå bileta)! Bodskapen var enkel: Datamaskinar utan nynorsk programvare, det har me ikkje nytte av!

Me fekk mykje blest kring aksjonane våre. I Bergen kom aksjonistane i (BA) Bergensavisen. I Balestrand vart leiaren i Maolvakti MU intervjuet i Sogn Avis, og NRK Sogn og Fjordane melde på aksjonsdagen at ei jente får Bærum skulle ha nynorskdata-aksjon i Balestrand!

Aksjonane stoppa ikkje 13. mai - det var då dei byrja! Det er stendig aksjonar kring i lokallaga våre og neste store aksjonen skal vera på sumarleiren! Difor må alle koma og vera med på moroa!

**INGER HELEN SEKSE OG
ASTRID S. DYPVIK (BILETE)**



Dette er saka:

– etter lange og harde kampar med elevstreikar og demonstrasjonar fekk me i 1974 lovfesta rett til lærebøker og læremiddel på nynorsk.

– i den nye opplæringslova som vart vedteken i 1999 fekk me på ny lovfesta at nynorske lærebøker og læremiddel skal koma i butikkane til same tid og til same pris som bokmålsversjonane. Men det vart gjort eit unntakt for sokalla «administrativ programvare», til dømes vanlege rekneark og skriveprogram som Word og Excel.

– Unntaket for administrativ programvare bryt med prinsippet om lik rett til utdanning. For nynorskelevane er det viktig å få læremiddel på eige språk, elles får dei eit dårlegare pedagogisk tilbod enn bokmålslevane. Når datamaskinar vert meir og meir nytta i den norske skulen, vert spørsmålet om dataprogram på nynorsk eit viktig spørsmål om elevrettar.

– Då kyrkje-, utdannings- og forskingskomiteen la fram innstillinga si til ny opplæringslov 07.06, ba dei departementet leggja fram ein tidsplan for arbeidet med å oppheva det førebelse unntaket frå parallellutgåveregelen.

– Torsdag 28. september kl. 14.00 demonstrerer elevar og lærarar frå skular i Hordaland på Voss. Målet med aksjonen er å sikra at programvare som vert nytta i skulen kjem både i bokmål- og nynorskversjon, og å få endra føresegnene til opplæringslova slik at administrativ programvare (til dømes Word og Excel) må oppfylla dei same krava som andre læremiddel.

Vervekampanjen 2000

Vervekampanjen til NMU held fram. På denne sida finn du alt du treng vita for å verva til NMU.

Norsk Målungdom treng nye medlemmer, og då kan du gjera ein innsats. Det er lett å verva, alt du treng gjera er å finna fram ein verveblokk og spyrja nokon om dei vil verta medlem (har du ikkje verveblokk kan du kontakta skrifvarstova, so sender me ein til deg). Det finst mange gode argument for kvifor ein bør verta medlem i Norsk Målungdom; for tredve kroner er ein med og stør arbeidet for nynorsken og rettane til nynorskbrukarane. I tillegg får ein Motmæle og Norsk Tidend i posten, og ein får mange rabattar ulike stader (sjå lista nedst på sida).

Kven kan ein verva?

Veit du ikkje kvar du skal starta vervearbeidet ditt? Ein lur start kan vera å verva sysken, vener, klassekameratar og andre kjende. Det finst mange potensielle medlemmer der ute. Nokre ventar berre på at nokon skal spyrja dei.

Skal du verva folk du ikkje kjenner, kan ein aksjon vera

lurt. Til det treng du berre få med dei andre medlemene på skulen/heimstaden/universitetet til å stå og dela ut flygeblad. Norsk Målungdom har nyleg laga eit «Ungdom for nynorsk»-flygeblad som de kan få tilsendt og nytta på aksjonar.

Det er viktig å alltid gå med verveblokk på seg. Ein veit aldri kva tid ein får høve til å verva nokon. Det kan til dømes vera at nokon på ein fest nemner ordet nynorsk eller dialekt. Då er det berre å spyrja om han eller ho vil verta medlem. Verre er det ikkje.

Reglar for vervekampanjen

Kvar medlem gjev rett til premie éin gong, men du kan velja om du vil ta ut premiane etter kvart eller samla opp. Har du verva 10 medlemmer kan du til dømes få ein tiarpremie (til døme den nynorske nettlesaren Opera) eller to femmarpremiar (t.d. to bøker av Eivind Vågslid). Vervinga tel ikkje før medlemspengane er registrerte på kontoen åt NMU. Det er ikkje mogleg å verva medlemmer som betalte i fjor. Me tek atterhald om at me kan gå tom for ein vervepremie. Du vil då få tilbod om noko tilsvarende.

Dette kan du vinna:

1 verving:

Jakkemerke og klistremerke.
Livssoga åt Ivar Aasen (hefte).
Ein bunke stogg urbanismen-postkort.
Teikneserien Hups! av Jens K. Styve.

2 vervingar:

Huldregåva - Ut på vegom (CD)
75-årssoga åt Noregs Mållag.
T-trøye med Hårek-motiv.
Årstinging på bladet Vestmannen.
Teikneserien Finn Finn Finn av Jens K. Styve.

3 vervingar:

Stogg urbanismen-t-trøye.
Stogg målbyttet-t-trøye.

5 vervingar:

UTLA - Dans (CD)
Berit Opheim - Eitt steg (CD)
Håkon Høgemo - Solo (CD)
Karl Seglem - Spir (CD)
Stadnamntydingar II - Bok av Eivind Vågslid.
Norderlendske fyrenamn - Namnebok av E. Vågslid.
Norske skrifvarar i millomalderen - Bok av E. Vågslid.
Halvårstinging på Norsk Barneblad.
Halvårstinging på avisa Dag og Tid.

10 vervingar:

Heilårstinging på den nynorske avisa Dag og Tid.
Gratis deltaking på sumarleir (dekt reise, mat og opphald).
Gratis skulemålskonferanse (dekt reise, mat og opphald).
Den nynorske nettlesaren Opera.

Medlemsgode

Som medlem av NMU får du:

- 10% rabatt på Kaffistova i Oslo
- 15% rabatt på Bondeheimen i Oslo, Hordaheimen i Bergen og Saga Hotell i Tromsø
- 10% rabatt på Heimen Husflid
- 20% rabatt på Det Norske Teateret
- Motmæle og Norsk Tidend

Set medlemspengane for dei du vervar (30,- per medlem) inn på medlemspengekontoen til Norsk Målungdom, Øvre Slottsgate 5, 0157 OSLO. Kontonummer: 0824 05 19500

Vil du ha hjelp til aksjonar? Treng du flygeblad? Har du bruk for verveblokkar? Kontakt skrifvarstova på telefonnummer 22 42 63 00 eller på e-post: skrifvarstova@nynorsk.no

Vervetoppen

7.6.2000

Sigbjørn Hjelmbrække	13
Henning Andreassen	8
Trond Martin Sæterhaug	4
Helga Bjørge	3
Sverre Johnsen	2
Reidun Faye	2
Bjørn Nesse Hunderi	2
Gard Høyvik	2

Mytar og fakta om sidemål

Til hausten skal NMU ha ein sidemålskampanje. Her kjem ein stutt artikkel som gjev svar på nokre av dei vanlegaste argumenta mot sidemålet.

Norsk Målungdom meiner me må halda fram med sidemålsundervisinga, og at det framleis skal vera ein eigen karakter i sidemål. Sidemålet sin plass i norskfaget må ikkje styrast einast av omsyn til «pensummengde» og «yrkesrelevans». Norskfaget må òg ha som oppgåve å formidla den norske språk- og kulturtradisjonen. Her har både nynorsk og bokmål ein plass.

Både nynorsk og bokmål er jamstilte språk over heile landet. Difor er det eit viktig prinsipp at bokmålsbrukarar og nynorskbrukarar skal ha like rettar på alle område, t.d. å få lærebøker, eksamenar, brev og sjølvmelding på sitt eige språk. For at dette skal vera praktisk mogleg må alle få god opplæring i begge språka.

Unge Høgre nyttar slagordet «det er betre å læra eitt mål godt enn to mål dårleg» i sin kampanje mot sidemål. Det er lite som tyder på at ein vert dårlegare i hovudmålet sitt av å læra andre språk. Tvert imot er det ein fordel å læra språk. Elevar som har vakse opp med nynorsk hovudmål har høgare gjennom-

snittskarakter, både i bokmål og nynorsk. Fordi bokmålet dominerer overalt, har nynorskelevane ògso fått høve til å læra det òg heilt frå barnsbein av.

Nokre hevdar at motstanden mot sidemålet finst fordi elevane får so dårlege karakterar. Ser ein på landsgjennomsnittet for norsk hovudmål, og for norsk sidemål, kan ein sjå at sidemålskarakterane jamt over ikkje er dårlegare enn hovudmålskarakteren. Gjennomsnittskarakteren for både hovudmål og sidemål ligg på 3,2.

Mange av sidemålskritikarane hevdar at det er sidemålet som gjer at folk skriv dårlegare no enn for 20 år sidan. Problemet med syn-

kande lese- og skrivekunnskapar er ikkje Noreg, det er eit internasjonalt problem. Difor er det vanskeleg å sjå at nynorsken kan vera grunnen til dette.

For å auka lese- og skrivekunnskapane i landet ynskjer me heller å rusta opp både bokmål- og nynorskundervisinga i norskfaget. For å betra på undervisinga i nynorsk sidemål trur me det er viktig at nynorsk vert brukt utanfor dei faste sidemålstimane, at grammatikkundervisinga vert knytt til elevane sitt eige talemål, og at ein får lesa fleire nynorske tekstar.

Sidemål gjev oss ikkje *mindre*, men *meir* språkkunnskap!

ASTRID S. DYPVIK

Attende til:
Norsk Målungdom
 Øvre Slottsgate 5
 0157 OSLO